

Aprilfestivalen er ikke kuratert, men det går ikke utover kvaliteten.

Sjå til Danmark

KOMMENTAR | Amund Grimstad





PÅ KANTEN: I barneateversjonen av «ikkje gjer dette heime» fekk ungane sleike på batteripolar og bruke brannslukningsapparat mot skodespelarane. FOTO: AMUND GRIMSTAD

Aprilfestivalen er ikkje kuratert, men det går ikkje utover kvaliteten.

Sjå til Danmark



Men framleis ligg i nok litt etter grannelandet vårt i ser der vi har mykje å lære.

Aprilfestivalen i Danmark er verdas største barnefestival, etn skikkleig høppering for dei som er glad i og oppattat av teater for barn og

teatersamnalsluttinga, med i planlegginga.

Budsjettet er på berre 5,3 millionar danske kroner, og når ein får så mykje teater ut av så lite, skaldukt det at alle opptrer gratis, og det meste er basert på diagnostikk. For verts-

stadar, frå hovudsцena i det vaksne, rympna Vendesøsel Teater og til gymnastikkasalar og skulerom, blidt det kvart femtande mіnutt starta ein til f re framstymningar. Eg var s   heldig ´f r v rte festivalen i år, og sj  l om og borre rolikk ´t sj  l fortore produksjonar er det

i tale. Medan valknes synest deltaking er l  keint, b  ngar ungane etter det interaktivt, og d   kan alt slje. Og det g  r det eg  . N  r dette blir kombinert med det politisk litt ukorrekte, litt b  nnings i kyrkja og prømping i salen blir sj  ngaren ofte p   sitt

Amund Grimstad

Velkomen til teaterbloggen min. Har du synspunkt eller kommentarar, er e-postadressa mi amund@amund.info

[«Havariet i Bergen](#)
[Heile verda er ei scene »](#)

Sjå til Danmark

KOMMENTAR

Den årlege «Aprilfestivalen» i Danmark, verdas største barneteaterfestival, er vel verd eit besøk.

Det er i stor grad slutt på den tida då barneteater skulle være pedagogisk for å drive oppseding i god moral eller lære den oppveksande generasjon å bli framtidig vaksenpublikum. I dag er barne- og ungdomsteater i hovudsak ein eigen sjølvstendig sjanger utan skjulte oppsedande eller moralske agendaer. Barneteatret Vårt i Ålesund, Tigerstadteatret i Oslo, Cirka Teater i Trondheim og Brageteatret i Drammen har vore banebrytande i dette arbeidet. Men framleis ligg vi nok litt etter grannelandet vårt i sør der vi har mykje å lære.

«Aprilfestivalen» i Danmark er verdas største barneteaterfestival, ein skikkeleg happening for dei som er glad i og opptatt av teater for barn og unge. Heilt frå 1971 har den vore arrangert, og som ein ambulerande festival der store og mellomstore kommunar i Danmark bytter på å vere vertskap. I år var det Hjørrings tur, ein liten by mellom Aalborg og Hirtshals på Nord-Jylland. Gjennom ei veke var det 5-600 visningar av meir enn 150 ulike produksjonar laga av godt over 100 profesjonelle teaterkompani, i all hovudsak frå Danmark. Og hald deg fast, – alt er gratis! Dette er mogeleg fordi grannelandet vårt i sør har ei langt meir offensiv satsing på denne delen av scenekunsten. Arrangør er Teatercentrum, som er eit kompetansesenter under Kulturdepartementet, og vertskommunen. I tillegg er ASSITEJ, den internasjonale barne- og ungdomsteatersamanslutninga, med i planlegginga.

Budsjettet er på berre 5,5 millionar danske kroner, og når ein får så mykje teater ut av så lite, skuldast det at alle opptrer gratis, og det meste er basert på dugnad. For vertskommunane er det rett nok eit ganske stort eingongsutlegg, men med den enorme tilstrøyminga dei får, er dette småpengar mot kva dei tar att i anna omsetting. Og for dei mange teaterkompania i Danmark er dette også ein marknad for å selje inn produksjonane sine. Aprilfestivalen er ikkje kuratert. Det tyder at alle profesjonelle kompani som er del av den danske refusjonsordninga, kan kome og vise fram kva dei vil. Det gjer festivalen open og særslig demokratisk, men ukritisk kvantitet kan sjølvsagt også gå utover kvaliteten. Det var ikkje eit inntrykk eg fekk av årets festival.

Dei siste tre dagane av festivalveka var det ganske hektisk. På seksten ulike stadar, frå hovudscena i det vakre, nyopna Vendsyssel Teater og til gymnastikksalar og skulerom, blei det kvart femtande



PÅ KANTEN: I barneteaterversjonen av «Ikkje gjer dette heime» fekk ungane sleike på batteripolar og bruke brannslokkingssapparat mot skodespelarane. **FOTO:** AMUND GRIMSTAD

minutt starta ein til fire framsyningar. Eg var så heldig å få vitje festivalen i år, og sjølv om eg berre rokk å sjå fjorten produksjonar er det likevel mogeleg å peike på nokre trendar.

Det første som slo meg er at i Danmark er barneteater noko du kan leve av og halde på med heile livet, medan det her heime i stor grad er unge entusiastar som driv kompania. Fleirtalet av produksjonane blei framført av godt vaksne heilt opp i pensjonsalderen og vel så det. Eg vil tru det tyder at dei økonomiske rammevilkåra for sjangeren er betre enn i Norge. Eit anna særtrekk var at maske- og figurteater var langt meir dominerande.

Det mest spennande ved denne sjangeren er at det unge publikummet er lett å få i tale. Medan vaksne synest deltaking er kleint, hungrar ungane etter det interaktive, og då kan alt skje. Og det gjer det også. Når dette blir kombinert med det politisk litt ukorrekte, litt banning i kyrkja og promping i salen blir sjangeren ofte på sitt beste. For ungane elskar både det skumle og det litt ulovlege. Som når dei fekk sleike på batteripolar, lime kvarandre saman med lynlim og bruke pulverapparat mot skodespelarane for å slukke brann. Dei små var i hundre, og sjølv kunne eg godt tenkt meg at eg var seksti år yngre.

I 2020 er festivalen i Holbæk, seks mil vest for København. For prisen av ei båtreise og eit par overnattingar kan du sjå så mykje barneteater du greier. Det er mangt å lære, og opplevinga er vel verd turen.

(Kommentarartikkelen stod i *Klassekampen* tysdag den 16. april 2019.)



This entry was posted on tirsdag, april 16th, 2019 at 4:35 pm and is filed under [Teater](#). You can follow any responses to this entry through the [RSS 2.0](#) feed. You can [leave a response](#), or [trackback](#) from your own site.

Leave a Reply

Name (required)

Mail (will not be published) (required)

Website

Amund Grimstad is proudly powered by [WordPress](#) [Entries \(RSS\)](#) and [Comments \(RSS\)](#).